

Årsmelding for Kvam bowlingklubb, mai 2010-april 2011.

Innleiing

Kvam bowlingklubb kjøpte bowlingutstyret til Hardanger bowling AS den 1.mai 2010. Hallen vert promotert som Hardanger bowling.

Kjøp av Hardanger bowling AS sitt bowlingutstyr

Kjøpesummen var 150.000 kroner, med opsjon på inntil 50.000 kroner meir, avhengig av innsamla midlar. Pr. dags dato har me betalt Hardanger bowling AS kr. 173.300,-

Det har vore veldig mange privatpersonar som har støtta kjøpet av hallen med minimum kr. 1000,-.

7 bedrifter og lag har gjeve minimum kr. 5000,-. Desse var: Kleppe møbelfabrikk, Bergen bowlingkrets, Blikkenslagar Flotve, Hardanger Revisjon AS, Takstingeniør Helge Fjellro, Os bowlinghall og Øystese sanitetslag.

Hardanger Vask, Øystese idrettslag og Bjølvefossen har alle gjeve kr. 10.000,-. Frå Kvam herad mottok klubben kr. 50.000,- i støtte.

Det har og vore kjøpt inn ein ny oljemaskin til ca. kr. 125.000,- Me mottok kr. 10.000 frå Sparebank1 Hardanger, og kr. 20.000,- frå Sparebanken Vest i støtte til kjøpet av denne.

Styre- og medlemsmøter

Det har vore avvikla 11 styremøte i perioden mai 2010-april 2011. I same perioden har det vore halde 1 medlemsmøte. Det har og vore avvikla eitt ordinært årsmøte.

Økonomi

Pr. 31.12.2010 hadde klubben kr. 78 840,19 på konto. Me hadde eit budsjett som tilsa eit overskot på ca. kr. 80.000,- første heile driftsår, og det trefte me ganske godt på.

Månadsinntektene har variert mellom kr. 9000,- (juni 2010) og kr. 38.000,- (februar 2011). Etter at me kom i full drift, har månadsinntektene vore minimum kr. 20.000,-.

Rekneskapet viser pr. 31.12.2010 eit driftsoverskot på kr 54868,37,- for rekneskapsåret 2010.

Kvam bowlingklubb er og registrert som mottakar av Grasrotandelen frå Norsk Tipping. Pr. 31.04.2011 har me motteke kr. 13.740,-. Pr. 31.04.2011 er det 14 spelarar som har Kvam bowlingklubb som si mottakar av Grasrotandelen.

Styret vedtok og i løpet av sesongen å dekke alle kostnader knytt til lokalligaspel og cupdeltakingar som vert arrangert i regi av Bergen bowlingkrets.

Dugnad

Frå og med mai 2010, t.o.m. desember 2010 jobba medlemene 725 timar dugnad fordelt på 26 medlemmer som har delteke i ein eller annan dugnadsjobb. Sjølve drifta av hallen har vorte utført av rundt rekna 12 personar. Pr i dag er dugnaden for å halde hallen open, fordelt på 9 personar. Frank Tangen har hatt ansvar for å lage vaktliste. Dette systemet har fungert veldig bra.

Pensjonistane tok i løpet av hausten ansvar for å gjere enkelt reinhald i hallen. Dette har og fungert veldig bra.

Eit medlem som har jobba dugnad, har fått igjen 2 seriar pr. dugnadstime. Medlemene har sjølve hatt ansvar for å registrere dugnadstimane sine på eit eige skjema.

I løpet av året vedtok styret at medlemmer som yter dugnad kan bruke dugnadstimane når som helst. Tidlegare kunne ein nytta dugnadsseriene berre utanom klubbtreningane.

Dette har og ført til eit markant fall i inntektene til hallen, men gevinsten er at dei som yter dugnad føler at dei får meir igjen for å jobbe dugnad.

Medlemer og medlemskontingent

Det er pr. 1.mai 2011 41 medlemmer i klubben. Av desse er 3 juniorar.

Medlemskontingenten for denne sesongen har vore på kr. 350 for vaksne, og kr. 200 for juniorar.

Det er 13 medlemmer som har hatt lisens i Norges bowlingforbund denne sesongen, inkludert 2 juniorar.

Konkurransar og ligaspel

Lokalliga

Kvam bowlingklubb har hatt to lag i lokalligaen denne sesongen, begge i 2. divisjon. Etter å ha vore nr 1 eller 2 stort sett heile sesongen, der me på det meste leia med 15 poeng ned til lag nr 3, vart det veldig spanande på slutten av sesongen, der me i teorien kunne bli nr. 3 etter siste serierunde. (Dei to beste rykker opp til 1. divisjon). I siste serierunde møtte me Åsane 3, som låg som nr. 2 før siste runde, på heimebane. Den kampen vann me 4-1, og dermed vann Kvam 1 2.divisjon, og me rykte med det opp til 1.divisjon i lokalligaen.

Det var lenge uvisst om lagnaden til Kvam 2, som enda med likt tal poeng som Vestkanten 2. Det måtte eit styremøte til i Bergen bowlingkrets for å konstatere at Kvam 2 var det laget som rykte ned. Me kunne ha protestert på vedtaket, og anka, men me valte å godta nedrykket, ettersom me då fulgte praksisen som har vore "i alle år" i Bergen bowlingkrets.

Veteranliga

Kvam bowlingklubb har hatt 1 lag med i veteranligaens 2. divisjon avdeling A. Laget fekk 14.plass av totalt 17 lag. Laget kapra totalt 19 poeng i årets veteranliga.

Bedriftsliga

Det har vore 3 divisjonar i årets bedriftsliga. Vinnar i 1. divisjon vart Kvam herad, vinnar av 2.divisjon vart Pensjonistar2, medan Kvam herad Sandven vann 3.divisjon.

Kjegletrimmen

Det vart arrangert ei nyskaping i løpet av haustmånadane, Kjegletrimmen, der det berre var 2 spelarar på kvart lag i kvar kamp.

Cupdeltakingar

Frank Tangen er den spelaren som har delteke på flest turneringar denne sesongen, heile 9 turneringar har han delteke i denne sesongen, med 4.plass frå Sandsli Open, og 7.plass i Statuettstevnet som beste plasseringar.

Elles er det berre Tore Tellevik som har delteke i ei turnering denne sesongen, Mascot cup, der han tapte i kvartfinalen.

Frank kapra 32 championatpoeng i løpet av sesongen, og fekk med minst mogleg margin ikkje plass i Championat finalen. Tore fekk 2 championatpoeng totalt i sesongen.

Juniorsamling

Bergen bowlingkrets har arrangert 1 juniorsamling denne sesongen. Sindre Tellevik deltok på denne.